



Retningslinjer for Samnanger kommune sin kulturpris

1. Formannskapet kan kvart fjerde år dela ut ein kulturpris til einskildpersonar eller lag/organisasjonar i eller med tilknytning til Samnanger kommune.
2. Kulturprisen vert gjeven for særleg fortienstefull innsats for kulturlivet i kommunen eller for aktivt kulturarbeid over lengre tid. Formannskapet kan leggja ei vid tolking av kulturomgrepet til grunn ved vurdering av eventuelle kandidatar.
3. Formannskapet tek avgjerd om kven som skal få prisen og korleis den skal delast ut.
4. Berre ein person/organisasjon kan få prisen ved kvar tildeling.
5. Prisen kan ikkje tildelast same organisasjon/person fleire gongar for same gjeremål.
6. Melding om prisen og oppmoding til å koma med framlegg til kandidatar vert lyst ut i Samningen innan 1. april kvart fjerde år. Grunngeve, skriftleg framlegg til kandidatar skal sendast til Samnanger kommune innan 1. mai.
7. Det vert delt ut ein pris, og eit beløp på kr 10.000 til prisvinnaren.

Vedtatt av Formannskapet i sak 049/2018 i møte den 25. oktober 2018